



Forslag til høyring - lokal forskrift om permisjon frå grunnskuleopplæringa i Høyanger kommune

Innhald

Heimel.....	2
§ 1 Formål og verkeområde	2
§ 2 Permisjon som eleven har rett til	2
§ 3 Handsaming av permisjonssøknadar	2
§ 4 Søknad	2
§ 5 Vilkår for permisjon	3
§ 6 Faste prøvar	3
§ 7 Vurdering	3
§ 8 Vedtak.....	4
§ 9 Klagerett	4
§10 Iverksetjing.....	4

Heimel

Vert fastsett i kommunestyret i Høyanger kommune, 24.oktober 2024, med heimel i lov 9. juni 2023 nr 30 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova), § 2-2, fjerde ledd.

§ 1 Formål og verkeområde

Elevar har plikt til grunnskuleopplæring frå året dei fyller seks år, til dei har avslutta 10. trinn. Kommunen kan gi ein elev permisjon frå opplæringa dersom eleven får ei opplæring som samla sett er forsvarleg.

§ 2 Permisjon som eleven har rett til

Ein elev som høyrer til eit anna trussamfunn enn Den norske kyrkje har rett til permisjon dei dagane trussamfunnet har heilag dagar, jf. opplæringslova § 2-2. Foreldre/føresette skal sørge for at eleven får tilstrekkeleg opplæring slik at eleven kan følgje opplæringa på skulen etter fråværet.

Det skal ikkje søkast permisjon for fråvær som er helserelatert, til dømes legebesøk, opphald ved helseinstitusjonar eller liknande.

§ 3 Handsaming av permisjonssøknadar

Ved planlagt fråvær kan søknadar bli innvilga slik:

- a. Kontaktlærar: Enkelttimar – inntil ein dag
- b. Rektor: Inntil 5 skuledagar
- c. Kommunalsjef for oppvekst: Inntil 10 skuledagar.

Ved fri i meir enn ti skuledagar, må eleven skrivast ut av grunnskulen i det aktuelle tidsrommet. Foreldra er ansvarlege for undervisninga etter lov og forskrift. Retten til opplæring stansar i utmeldingsperioden, og kommunen sitt ansvar for opplæringa stansar tilsvarande. Ønskjer foreldre/føresette å skrive eleven ut av skulen, må dei først ta kontakt med eleven sin skule.

§ 4 Søknad

Foreldre må søkje om permisjon i Visma Flyt Skole sin foreldreportal. Søknaden må vere grunngeven. I grunngevinga vil det vera relevant å skrive kva som er hensikta med permisjonen, og om det er lagt opp til at eleven skal få opplæring i permisjonstida.

Foreldre er ansvarlege for opplæringa i permisjonstida. Det er lengda på permisjonen som avgjer om det skal søkjast til kontaktlærar, rektor eller kommunalsjef, jf. § 3.

Dersom det skal søkjast om meir enn 10 dagar fri, må søknaden sendast til kommunalsjef for oppvekst via [eDialog](#) på kommunen si heimeside. Vert søknaden innvilga, vil eleven bli skriven ut av skulen. Foreldra overtek opplæringsplikta, og må sørge for å skrive eleven inn att på skulen etter friperiode.

§ 5 Vilkår for permisjon

Elevar i Høyanger kommune kan få innvilga permisjon inntil 10 skuledagar per skuleår. Dei 10 skuledagane kan fordelast over fleire permisjonar. Føresetnaden er at eleven får ei opplæring som samla sett er forsvarleg (jf. Opplæringslova § 2-2).

I vurderinga av om opplæringa samla sett er forsvarleg, vil det bli vektlagt

- a. kva som er det beste for eleven, og kva eleven sjølv meiner
- b. kva som er skulen sitt undervisningsopplegg i permisjonstida
- c. om, og i tilfelle kva, opplæring som vert gjeve i permisjonstida
- d. om eleven har hatt permisjon tidlegare
- e. om eleven har fråvær som ikkje er dokumentert
- f. kva som er eleven sitt faglege nivå
- g. kva læringsutbyte eleven elles vil få i permisjonstida

§ 6 Faste prøvar

Det vert som hovudregel ikkje innvilga permisjon i periodar der det vert gjennomført

- a. statlege kartleggingsprøvar
- b. nasjonale prøver
- c. eksamen, munnleg og skriftleg
- d. prøver og vurderingssituasjonar slik det kjem fram av kommunen sin terminplan/prøveplan

§ 7 Vurdering

For at eleven skal få innvilga permisjon, må skulen ha vurdert at det er forsvarleg at eleven er borte frå skulen i eit kortare tidsrom. Permisjonen avkortar retten til grunnskuleopplæring tilsvarande fråværet. Det skal normalt ikkje bli innvilga permisjon når eleven har fråvær som ikkje er dokumentert.

Det kan etter ei individuell og skjønsmessig vurdering bli innvilga permisjon til deltaking i spesielle arrangement og markeringar knytt til

- a. politisk arbeid
- b. organisasjonsarbeid
- c. familie
- d. deltaking ved idrettsleg eller kulturell konkurranse/stemne på nasjonalt nivå

Vedtak om permisjonar skal bygge på skulen si forsvarlege vurdering, skjønn og ei individuell vurdering dersom vilkåra i forskrifta § 1 til 5 er oppfylt.

Forhold som har betydning for eleven si opplæring skal takast omsyn til i den forsvarlege vurderinga er

- eleven si faglege og sosiale læring
- eleven sin fráværshistorikk

Skulen må vurdere om det er forsvarleg at eleven får permisjon. Det kan vere forsvarleg for ein elev å få innvilga permisjon, medan det kan vere uforsvarleg for ein annan elev. Dersom skulen vurderer at det ikkje er forsvarleg å innvilge permisjon, skal søknaden bli avslått.

§ 8 Vedtak

Vedtak om permisjon frå den lovpålagte opplæringa er eit enkeltvedtak. Det er delegert til rektor ved skulen å skrive enkeltvedtak om permisjon til og med 5 skuledagar. Frå 5 til og med 10 skuledagar, vil vedtak bli fatta av kommunalsjef for oppvekst. Ved innvilga søknad om fri i meir enn 10 skuledagar, vil eleven bli utskriven frå skulen. Det vil då ikkje bli fatta vedtak om permisjon.

Ved avslag på søknad om permisjon, skal rektor eller kommunalsjef grunngi avslaget.

§ 9 Klagerett

Dersom foreldre/føresette klagar på vedtaket skal saka vurderast på nytt. Klagefrist er 3 veker etter vedtaket er motteke, jf. Forvaltningslova §§ 28 og 29.

Dersom skulen meiner det ikkje er grunnlag for medhald, skal saka sendast til kommunalsjef for oppvekst. Rektor si vurdering skal ligge saman med klagen. Gir kommunalsjef for oppvekst medhald i rektor si vurdering, kan føresette klage avslaget inn for Statsforvaltaren.

§10 Iverksetjing

Denne forskrifta gjeld frå 1. november 2024